

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.
namnesak 2021/523

Vår ref.
21/662-3/KES

Dato
07.05.2024

Stryn kommune og Stranda kommune – Ra(s)musfjellet / Ramhusfjellet og Kvann(e)skredfjellet – tilrådte skrivemåtar

Me syner til eit oppstartsbrev som Kartverket skreiv til kommunane Stryn og Stranda 25. november 2021 og til eit svarbrev som Stryn kommune sende til Språkrådet 1. mars 2022. Det er ikkje registrert noko svarbrev frå Stranda kommune.

Stryn kommune skriv at dei ikkje fekk inn høyringssvar i den lokale høyringa. Dei syner vidare til ei fråsegn dei sende til Kartverket 15. november 2021.

I den nemnde fråsegna kjem kommunen med denne konklusjonen: «Ut frå tilbakemeldingane vi har fått vert både Kvann(e)skredfjellet og Ramusfjellet brukt på dette fjellet.» Kommunen syner elles til to merknadsbrev dei har fått frå Arne P. Sunde og Kristian Solvang, som begge er med i den kommunale namnenemnda.

Arne P. Sunde skriv blant anna: «På Strynesida kallar vi dette fjellet for Kvann(e)skredfjellet. Planten kvann skal vekse i skredene til dette fjellet. Namnet har sitt opphav der. [...] Ramusfjellet er brukt også på vår side, og dei eg har snakka med (mellom andre Magnar Sunde) har ikkje høyrte forklaringa med H i namnet (Ramhusfjellet). Dei syns dette er ei lite tillitsvekkjande forklaring. [...] Rasmusfjellet [med s i første stavinga] har vi alltid sett på som ei feilskrivning.»

Kristian Solvang skriv blant anna dette: «Det kan vel hende at føreleddet "Rasmus-" er forvanska, feil uttala eller feilskrive. Det finst det rikeleg av døme på. At fjellet vert kalla både Rasmus- og Ramus- viser usikkerheit. Viss "Ramus-" ikkje blir forstått, blir det gjerne forandra til det forståelege "Rasmus-". Men eg tvilar på at det er mannsnamnet Rasmus som er brukt.»

På nettsida Fylkesatlas er det ikkje lagt ut innsamla stadnamn i det fjellområdet det er tale om i denne saka. I det store tilfanget med stadnamn som er presentert på denne nettsida, finst det ikkje noko namn med førelekken *Ramus-*. I SSR er denne førelekken registrert i tre namn utanom det som er knytt til det aktuelle fjellet på grensa mellom kommunane Stryn og

Stranda. Dei tre namna er *Ramusfjellet* (på Holsnøy i Alver kommune), *Ramussletta* (i Gran kommune) og *Ra(s)muslåven* (òg i Gran).

Me reknar med at skrivemåten *Ramus-* er i tråd med den uttalen dei fire SSR-registrerte namna har i den lokale munnlege namnetradisjonen, og me tenkjer at det må vera fullt ut tilrådeleg å la det fjellnamnet me har føre oss i denne saka, bli skrive **Ramusfjellet** i offentleg samanheng. Det verkar vanskeleg å seia noko om kva for eit ord det kan vera som ligg til grunn for førelekken i namnet.

Kvannskred- eller *Kvanneskred-*

Det som står i dei innkomne høyringssvara, kan tyda på at denne namnelekken er uttala både med og utan e-fuge. På nettsida Fylkesatlas er det frå Nordfjord registrert sju namn med førelekken *Kvannskred-* (fem i Bremanger, eitt i Stad og eitt i Gloppen kommune), men ingen namn med førelekken *Kvanneskred-*. Dette samsvarar med det som finst i SSR; frå Nordfjord er det SSR-registrert ein del namn med førelekken *Kvannskred-*, men ingen namn med e-fuge framom andrestavinga. I tråd med dette mønsteret tilrår me at skrivemåten **Kvannskredfjellet** blir vedteken i den saka me har føre oss her.

Me har ikkje føresetnad for å seia noko om kva for eitt av dei to namna **Ramusfjellet** og **Kvannskredfjellet** som eventuelt skal registrerast som hovudnamn i SSR.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS

Kopi til:

Stranda kommune
Stryn kommune